

Saksliste årsmøte NYK mandag 13. februar 2023 kl. 20

<https://join.skype.com/EkMDcWxMVKqe>

1. Godkjenne frammøte og møteinnkalling
2. Valg av ordstyrer, referent og to til underskriving av protokoll
3. Ta stilling til Styrets beretning og regnskap for året som er gått og vurdere dets arbeid.
4. Ta stilling til de fremlagte forslag fra Styret eller medlemmene. Alle forslag som forplikter NYK eller dens økonomi, skal være gjort kjent gjennom møteinnkallelsen.
5. Godkjenne budsjett for kommende år.
6. Fastsette medlemskontingent for kommende år.
7. Ta stilling til hvilket NM-format styret skal prioritere i dialogen med potensielle arrangører
8. Velge Styre og gi det de nødvendige fullmakter. Styreleder velges av årsmøtet ved separat valg.
9. Velge revisor og ny valgkomite

Ingen framlegg til årsmøtet frå styret i år. Uendra medlemskontingent (kr. 300/100).

Årsrapport for Norsk Ynglingklubb 2022

Ordinært årsmøte i NYK 14. februar 2022 (Skype) valde nytt styre med Ronny Rognhaugen som leiar og Jon Kåre Hellan (Trondhjems) som revisor. Styret konstituerte seg sjølve på fyrste styremøte 14. mars og har sidan hatt denne arbeidsdelinga:

Leiar, kasserar og sjefsmlar Ronny Rognhaugen (Vågsbygd)
Nestleiar, Chris Skogen (Askøy)
Sekretær, Jon Mikael Bjørklund (Gjøvik)
Styremedlem, webmaster Øyvind Pedersen (Trondhjems)
Varamedlem Christian Jakstjø (Færder/KNS) og Dirk Nolte (Trondhjems).

Styret har gjennomført seks styremøte i perioden: 14. mars, 25. april, 13. juni, 15. august, 24. oktober i 2022 og 16. januar 2023. Rekneskapen er avstemd med Nordea og godkjend av revisor. Det vart eit underskot på kr. 4.976. Innestående på bankkonto var 82.328 ved årsskiftet, mot 87.304 førre år. NYK har testa båt- og medlemsregisteret til NSF; same system som for lisens og måling. Systemet er klart til bruk for 2023. Logg inn, registrer båt og medlemskap, og betal kontingent: [Norges Seilforbund - Login \(seiling.no\)](http://NorgesSeilforbund-Login(seiling.no))

Sesongen var den fyrste etter korona og var prega av Linge-jubileet som tok til 28. januar. Etter oppfordring frå NYK viste NRK2 dokumentaren om Jan Herman Linge på 100-årsdagen; [NRK TV – Seiler i skiftende vind](http://NRK-TV-Seiler-i-skiftende-vind). Aktiviteten tok seg opp og det har vore god omsetting av Ynglingar i heile landet. For 2023 er det verd å nemna særskild Gjøvik/Mjøsa og Vågsbygd/Kristiansand i tillegg til Askøy/Bergen, Trondheim/Steinkjer og Horten. Hvasser flåten er stabil og i tillegg kjenner NYK til «hytteflåtane» på Askerøya/Tvedestrand og Homborsund/Grimstad. Fleire pussar opp eldre Ynglingar og Seilmagasinet hadde ein artikkel om det i siste nummer, november 2022. Der stod det at det er produsert over 4.000 Ynglingar. Rett tal skal vera mellom 2.100 og 2.800. Felles NM med Soling på KNS 19-21. august fekk god omtale. VM vart flytta frå Koper i Slovenia til Travemünde, men ingen norske båtar deltok.

Linge Memorial vart eit tradisjonelt NM for dei to klassane. Omkampen frå Sydney 2000 i Soling gjekk diverre ut pga. forfall. Ynglingklassen klarte heller ikkje å få til noko tilsvarande for kvinnene frå 2004/2008. Fleire «gamle» namn som Hans Wang og Erling Landsværk stilte opp etter mange års fråvær frå NM. Det vart eit flott arrangement med god vind laurdag og sundag. Sundag vart starten utsett pga. torevêr og ein del pakka tidleg saman. Resten fekk to seglas i frisk vind på Bunnefjorden. NOR 354 med familien Melleby forsvarte NM sigeren frå Horten i 2019, men var ikkje like suverene i år. Berre to poeng bak kom NOR 413, så vart det eit lengre hopp til NOR 405; [Norgesmesterskap Soling og Yngling - Soling Scandinavian Open. manage2sail](http://NorgesmesterskapSolingogYngling-SolingScandinavianOpen.manage2sail). Heile sju båtar kom frå Bergen, ein frå Kristiansand, ein frå Danmark, ein frå Tyskland og ein frå Sveits/Sverige. Resten kom frå Færder, Horten og Oslo.

Medlemskontingent (300/100) har vore uendra dei siste åra. Medlemstalet tok seg kraftig opp i 2021 og var stabilt for 2022. NYK har no 68 betalende medlemmar. Båtregisteret vert stendig oppdatert med nye og hittil ukjende Ynglingar. Det er registrert ein «ny» båt i 2021; NOR 421 «Kjappfot» og det er ingen ledige nummer i serien. Totalt finst det 295 båtar i registeret som tilseier at drygt 100 har ei hittil ukjend historie. Styret treng hjelp med oppdatering om feil, eigarskifte m.m. Lista ligg på <http://yngling.no/batregister/>

Årsrapport for Norsk Ynglingklubb 2022

NM i år er på Askøy 3-4. juni og det er planlagt treningsamling helga før (pinse): [Norgesmesterskap Yngling manage2sail](#). Yngling er i 2023 invitert som 1 av 12 klassar til Hankø Race Week 29. juni-1. juli. Det må vera minst sju båtar som meldar seg på. VM 2023 går føre seg i København 22-29 juli [Yngling Open World Championship 2023 manage2sail](#) og interessa for å delta er rekordstor (10). I 2024 er det VM i Austerrike og i 2025 er det planlagt i Australia. NM 2024 er planlagt saman med Soling på Fjærholmen/Tønsberg 31. august til 1. september. Askøy vil søkja om VM i 2025 eller 2026.

Sjå vedlegg 1 for fullstendig rekneskap 2022, og framlegg til budsjett for 2023.

For styret

Ronny Rognhaugen, 30. januar 2023.

Vedlegg 1: Årsrekneskap 2022 og budsjett 2023



Norsk Ynglingklubb

	Rekneskap 2022		2022	2023	
	31.12.2021	31.12.2022	Budsjett	Budsjett	
Inntekter					
Fullt medlemskap (35) +/-	10 500	10 500	12 000	12 000	40*300
Støttemedlem (33) - 1	3 400	3 300	3 000	4 000	40*100
Båtregister	800	500	1 000	1 000	
Diverse	1 400	2 450	1 000	1 000	Segilappar
Renteinntekt	0	0	0	0	
Sum inntekter	16 100	16 750	17 000	18 000	
Kostnader					
Profilering og rekruttering	0	2 000	2 000	2 000	NM/VM
IYA avgift	4 053	3 960	4 000	5 000	25*200
Porto	0	477	0	0	
Rekvisita	0	0	0	0	
Reisestøtte	2 536	14 152	10 000	10 000	NM/VM
Premiering NC	0	0	0	0	
Diverse	59	984	100	100	Vekt Askøy
Bankgebyr	101	153	100	100	
Sum kostnader	6 749	21 726	16 200	17 200	
Resultat	9 351	-4 976	800	800	
Balanse					
Kasse	0	0			
Bank	87 304	82 328			
Sum egenkapital	87 304	82 328			
Avgiftsmerke segl	7 stk.	0 stk. à 35 €			
T-skjorter	13 stk.	13 stk. à 50 kr.			
Y-pins	54 stk.	54 stk. à 50 kr.			
Y-buff	4 stk.	4 stk. à 100 kr.			

1) Reisestøtte NM 2022: NOR 6,7,71,261,311,344,404,405,7 Bergen, 1 Kristiansand.

Ronny Rognhaugen
Leiar

Jon Kåre Hellan
Revisor